

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dato: 25.01.2018
Vår ref.: 2018/802-2
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Att. Marius Flemmen Knudsen

Uttale vedrørende førespurnad om kulturminne - gnr 1 bnr 6 - Flatøy - Meland kommune

Me visar til e-post frå Meland kommune ved Marius Flemmen Knudsen mottatt 23.01.18., angående spørsmål om utbetring av ein bekk som renn over eigendomen.

På den aktuelle eigendomen er det påvist seks steinalderlokalitetar (Askeladden- id. 107937,107938, 107939, 107940, 121848 og 122544). I e-post datert 10.01.18 er det mottatt kart frå tiltakshavar som visar det aktuelle området og tilkomsten til dette. Vår vurdering er at den viste tilkomsten og utbetringa av bekken ikkje vil komme i konflikt med dei automatisk freda kulturminna.

Våre bilete visar traktorspor over dei to austligaste lokalitetane, me ber om ein unngår å køyre over dei automatisk freda kulturminna då dette kan føre til skade, jf. kulturminnelova § 3.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne eller gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under utføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeidet må stansast til funnet er vurdert.



Figur 1. Ortofoto av det aktuelle området, freda kulturminne med tilhørende sikringsone er vist.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølsted
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.